

# Strandebarm sokneråd.

Møte tysdag 11.06.2019 kl. 18.30

i Strandebarm kyrkjelydshus

## Møte nr 4 / 2019

### Tilstades:

Anne Marie B Berge, Kristian Neteland, Siv Ljones, Gunn Bjørg Håland Torbjørnsen, Anne Kristin Aasen Gjerstad, Lillian Hjartåker Fosse, Vigdis Haugarvoll, Brita Kolltveit og sokneprest Roar Strømme.

Anne Marie ynskte velkomen .

Ord for dagen ved Roar Strømme. Han delte nokre tankar etter ei leirsamling for funksjonsfriske og funksjonshemma: Det var godt å sjå kor mykje godheit det er mellom enkeltmenneske i nære relasjonar. På denne samlinga var Helen Bjørnøy til stades og delte ut Kongens fortanestemedalje til to som hadde vore med og drive ein kyrkjeclubb i Asker i 40 år!

### 31/ 19 Innkalling og sakliste.

Ingen merknad til innkalling, sakliste eller referat frå sist møte.

### 32 /19 Godkjenning av Nominasjonskomiteen sitt listeforslag for soknerådsvalet 2019

Soknerådet er valstyre og skal godkjenna listeforslaget. På soknerådsmøtet 23.04.2019 vart denne oppgåva delegert til leiar, nestleiar, Vigdis og Kristian.

6.mai hadde gruppa (unntatt Kristian) møte i Kyrkjelydshuset. Åse som er leiar i nominasjonskomiteen, la fram kandidatlista og namna på dei 10 forslagsstillarane.

Kyrkjekontoret hadde kontrollert og stadfesta at alle kandidatane og alle forslagsstillarane er medlemmer i kyrkja og busette i soknet.

Listeforslaget vart godkjent. Åse leverer listene på kyrkjekontoret som kunngjer kandidatlista.

### Listeforslaget:

1. Olav Per Tombre
2. Lillian Hjartåker Fosse
3. Anne Marie Bogetveit Berge
4. Åse Sandnes Fosse
5. Bodil Stranden
6. Kåre Milje
7. Torunn Baldersheim
8. Arne Gjerstad
9. Lina Chandrika Berge
10. Alvhild Tveitnes
11. Siv Ljones

12. Inger Ljones Måkestad

13. Anne-Kristin Fosse

**Forslagsstillarar: (konfidensielt unntatt tillitsvalte )**

1. Åse Sandnes Fosse (T=Tillitsvalt)
2. Berit Karin Bakke (V=Varatillitsvalt)
3. Elna Marie Tufta (U= Med i Tillitsutvalet)

**33/19 Orienteringar**

*Roar Strømme:* Marna Roer er tilbake i jobb i 20 %.

Organistvikar avsluttar tenesta i Kvam 28. juli, og Sevi kjem tilbake 1. august.

Kyrkjevevje Olav Skeie Lid går ut i permisjon og Hans Soldal vert vikar.

*Kristian Neteland:* Leif Magnar Fosse skal ta seg av kyrkjegardsslåtten i Strandebarm.

Ringjeapparatet i kyrkja fuskar, Kyrkjevevja arbeider med saka.

Måling av våpenhuset er ferdig.

Ny leiar i Fellesrådet (01.06.19 – 30.11.19) vert Odd Øygarden, nestleiar vert Oddvar Ulltang. Siste møte for noverande Fellesråd vert 6. november. Nytt Fellesråd skal etter planen ha møte 11. desember 2019.

Vedlikehald: Kyrkja er høgtrykksspylt og portar vaska v. Kristian, Arvid Strømme og Heine Ugletveit. Metallportar er malt (Heine ) Kyrkja er flikka og malt opp til ei viss høgde, berre som førebels vedlikehald. Det må nok malast meir innan kort tid (eit par år)

Asbjørn Eide har starta prosessen med oppussing av dørar, fyrst to toalettdørar, deretter 4 kyrkjedørar.

*Kristian fortener stor takk og applaus for alt arbeidet han gjer for kyrkja i Strandebarm!*

Våpenhuset treng nytt teppe og ein spegel må på plass. Anne Marie tek kontakt med Ida Helland Hansen for å få råd og rettleiing frå fagperson.

**34/19 Konfirmantjubileet 13. oktober.**

Anne Marie orienterte om arbeidet. Invitasjon til jubilentane er gjort klar.

Pris 350 kroner, kan betalast på festen eller inn på konto.

Kyrkjekontoret i Kvam tek mot påmelding.

*Oppgåver for soknerådet:*

Dekka bord, kjøpa inn lys, serviettar kaffi mm **Torill** og **Anne Marie**.

Bestilla middag: **Vigdis** i samarb. med **AnneMarie**. Bestilla kaker :**Torill**. (Siv lagar 1 kake)

Ta imot betaling på festen **Brita**.

Kjøkeneste, laga til og servere: Åse, Siv, Anne Kristin og Gunnbjørg. Møt 11.30.

Rydding og oppvask: Lillian og Brita

### **35/19 Evaluering av arrangement.**

Overhøyringsgudsteneste (med påfølgjande fest) , konfirmasjonsgudsteneste,17.mai gudsteneste var alle gode samlingar med mange frammøtte..

Gudsteneste 2. pinsedag vart arrangert som pilgrimsvandring frå Haukås til Holseter. Det var godt frammøte og svært vellukka. Det er ynskje om at dette vert ein tradisjon på 2. pinstidag.

### **36/19 Plan for hausten.**

17. juni er nye 1.klassingar inviterte til kyrkja. Anne Kristin og Gunnbjørg hjelper til.

Soknerådsmøta vert 27. august og 1. oktober.

Sjømannsmisjonsarrangement v. Arne Øystese 27. september.

Jimmi Øvredal kjem torsdag 17. oktober

Svalbardkveld (ev. Pilgrimsvandring ) 14. november.

Vi syng jula inn 15. desember

### **37/19 Soknerådsvalet måndag 9. september. Førehandsrøysting. Val av leiar i valstyret.**

Det vert høve til førehandsrøysting i Kyrkjelydshuset (2 dagar) . På Strandebarmsheimen vert det høve til førehandsrøysting 1 dag, der kan bebuarar, tilsette og besøkjande røysta. Anne Marie tek kontakt med Strandebarmsheimen og avtalar tidspunkt. Førehandsrøysting skal avviklast før 2. sept.

Soknerådet oppnemner ei gruppe som kan ta avgjerder i ikkjeprinsipielle spørsmål: Anne Marie,Åse, Kristian, Olav og Torill. Desse oppnemner personar som skal ta seg av *førehandsval, valdagen og oppteljing.*

Leiar i valstyret: *Olav Tombre* (vald tidlegare).

### **38/19 Eventuelt.**

Kyrkjevertane MÅ møta 30 min før gudstenesta byrjar..

Møtet avslutta med Fadervår.

**Neste møte tysdag 27.08. 2019.**

Brita Kolltveit

--vikar for skrivar-

